



**Informasjon om**  
**HEIMETENESTA**  
**i Bremsanger kommune**

**Heimetenesta/helsetenester i heimen skal bidra til at du får nødvendig helsehjelp og at du i størst mogeleg grad skal klare deg sjølv i dagleglivet**

**Begrepsavklaring:**

**Heimesjukepleie har endra namn til helsetenester i heimen.**

**Heimetenesta er fellesbetegnelse for helsetenester i heimen og praktisk bistand**

**Korleis få heimeteneste**

Søknad sendast Bremanger kommune, Servicekontoret. Postboks 104. 6721 Svelgen. Søknadsskjema finns på Bremanger kommune si heimeside eller ved henvending til kommuna.

Det vil bli gjort avtale om kartleggingsbesøk når behov for hjelp er meldt.

Det vert lagt vekt på størst mogeleg medverknad frå deg. Vi rettleiar og legg til rette, slik at du kan klare mest mogeleg sjølv og om mogeleg bli sjølvhjelp. Kva ein får hjelp til, vert vurdert i sakshandsamarteamet i kvar einskild sak. Ein får eit enkeltvedtak der det er spesifisert kva ein kan få hjelp til. Dersom funksjonsnivået ditt endrar seg, vil tenestene dine justerast.

**Fast tid**

Tidspunkt for tilsyn/hjelp avtalast med deg, og tidsrommet har eit slingringsmonn på maks ein time. Ved eventuell forseinking vil du få beskjed så snart som mulig. Vi gjer merksam på at vi på enkelte dagar har mange oppdrag og er då avhengig av å komme tidleg.

**Primærkontakt**

Når tenesta startar opp vil du få tildelt ein primærkontakt som har hovudansvar for å følge deg opp og gje deg tilstrekkeleg informasjon.

**Våre tilsette**

I heimetenesta har vi sjukepleiarar, hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar, heimehjelper, assistentar, studentar og lærlingar. Her arbeider både kvinner og menn, og saman representerer vi eit fleirkulturelt mangfald.

Vi jobbar etter arbeidslister utarbeida på bakgrunn av adresser, kompetansekrav i oppdraga, ergonomi og arbeidstidsbestemmelsar. Du kan difor ikkje velje kven du vil ha som tenesteutøvarar heim hos deg.

**Vi kan ved behov utføre:**

Personleg stell:

- Nødvendig hjelp til personleg hygiene
- Dusj (hovudsakleg 1 gang per veke)
- Hårvask
- Tannpuss/munnhygiene

- Av- og påkledning
- Bistand ved toalettbesøk
- Negleklipping (fotpleie ytes ikkje).
- Barbering

Vi yt og hjelp i livets siste fase og kan legge til rette for symptomlindring, rettleiing, stell og pleie i samarbeid med pårørande, fastlege og sjukehus.

### **Ernæring**

Ved behov hjelpe vi deg med enkle måltid og kostrettleiing. Dersom du har behov for det syt vi for at du får kjøpt middagsmat levert heim. Avbestilling av middag må gjerast seinast 7 dagar før.

### **Legemiddelhandtering**

Vi administrerar medisinar etter legen si anvisning i dosett eller multidose, dersom du ikkje klarar dette sjølv. Du må skrive under avtale om legemiddelhandtering.

### **Injeksjonar og sårbehandling**

Nødvendig hjelp til injeksjonar og sårbehandling gis dersom du ikkje kan oppsøkje legekantoret sjølv.

### **Kva forventar vi av deg?**

Du må vere heime for å få tenesta. Dersom du har vanskar med å opne dørene, må det skaffast til veie nøkkelboks med kode. Kostnadane ved dette må du ta sjølv.

### **Avbestilling av besøk**

Du må gje beskjed snarast mogeleg dersom du reiser vekk eller av anna årsak ikkje kan ta i mot oss til avtalt tid.

### **Næraste pårørande**

Du opplyser om kven som skal vere din næraste pårørande. Dersom du har fleire pårørande som vi kan samarbeide med, må også desse vere oppført i din journal. Du må signere eige samtykke for samarbeid og innhenting av opplysningar.

Dersom du treng følgje til lege eller sjukehus, må du ordne dette sjølv.

For at vi skal kunne gjere ein god jobb hos deg forutsetter vi:

- Ei forståing for at din heim er vår arbeidsplass
- At heimen din er møblert slik at det er enkelt for oss å hjelpe deg
- Tillatelse til bruk og tilpassing av hjelpemidlar som til dømes sjukehusseng og personløftar
- At du viser hensyn til vårt arbeidsmiljø gjennom å ta ansvar for eventuelle husdyr og ikkje utsetter oss for tobakksrøyk/røyker når vi er hos deg.
- Tilgang til hensiktsmessig utstyr som flytande såpe, tørkerull, kluter, handkler, søppelposar m.m.
- At gjester rydder opp etter seg
- At legemidler er oppbevart trygt.

- At du alltid har på deg trygghetsalarmen din, dersom du har det.
- At du syt for framkommelegheit til der du bor (måka for snø, strøing .m.m.).

I henhold til arbeidsmiljølova har tilsette i heimetenestene rett til eit forsvarleg arbeidsmiljø.

### **Kvardagsrehabilitering**

Personar som grunna skade, sjukdom eller operasjon treng tverrfagleg forsterka oppfølging i ein kortare periode, kan bli vurdert som kandidat for kvardagsrehabilitering

### **Demensteam**

Vi har demensteam som kan gje råd og rettleiing til demente og pårørande. Teamet held også pårørande skule. Fastlege vurderar behov for kartlegging og utredning og samarbeider med heimetenesta i forhold til kartlegging og testar.

### **Ressurssjukepleiar i nettverket for kreftomsorg og lindrande behandling**

Vi har sjukepleiar både i Svelgen, Davik og ytre Bremanger som er med i nettverket. Dei kan gje råd og rettleiing til dine pårørande og til deg som har fått kreft eller anna alvorleg sjukdom.

Ressurssjukepleiar skal vere til hjelp i forhold til å kontakte ulike hjelpeinstansar.

Du finn meir informasjon i brosjyra «Når alvorleg sjukdom rammar». Denne ligg på Bremanger kommune si heimeside.

**Utfyllande informasjon om kvardagsrehabilitering, demensteam og ressurssjukepleienettverket fås på Bremanger servicekontor eller på Bremanger kommune si heimeside→**

**<https://bremanger.kommune.no/tenester/familie-helse-og-omsorg/pleie-og-omsorg/>**

### **Betaling**

Helsetenester i heimen (tidlegare kalla Heimesjukepleie) er gratis.

### **Praktisk bistand (heimehjelp) og opplæring, betalingsteneste:**

Dersom du treng praktisk hjelp i kvardagen, kan du søkje om praktisk bistand. Dette er ei betalingsteneste etter faste takstar utrekna etter årsinntekt. Det vanlege er å få innvilga inntil 1,5 time kvar 14 dag (eller 45 min. dersom det kjem to heimehjelpar).

Oppgåver herunder er:

Måltid: all tilrettelegging, tillaging, opprydding. (minus mating om det er nødvendig)

Søppel: sortering, utbæring, dra bossbøtter til veien, dra dra dei tilbake.

Sengeskift: ta av brukt, legge på nytt, bære ut brukt til vask, reie opp seng.

Klede: sortere, vaske, henge opp, bretteing.

Vanleg husvask: golv, støvtørk, bad.

Anna: rensing av kaffitrukker, vask av filter i ventilator, vatne blomster, vaske rullestol/rullator.

Behandle post: hente post, omadressere mm

Innkjøp: skrive handleliste, handle, bestille

Følgje til offentlege kontor

Pynte til jul, påske og andre sesongrelaterte oppgåver

Oppgåver ein ikkje utfører, eller som ein må betale ekstra for å få utført: vaske rom som ikkje er i dagleg bruk, vaske vegger i dusjkabinett, nedvask, riste store tepper, måke snø, vaske vindu.

Klokkeslettet og kven som kjem kan variere, men ein avtalar ein fast dag. Om dette må flyttast grunna uforutsette hendingar vil ein få beskjed. Dersom du ikkje kan motta heimehjelp på avtalt dag må du gje beskjed i god tid og seinast 7 dagar før.

Ein forventar at det finnast naudsynt reingjeringsutstyr i heimen og at dette er i god stand. Der bør vere moppekraft og mopp, støvsugar, støvsugarposar, vaskemaskin, klutar, wc-børste og reingjeringsmiddel.

### **Du kan klage**

Dersom vi ikkje innfrir, ynskjer vi tilbakemelding frå deg. Klage på tenesteutføring rettast til driftssjef.

Du kan og klage på vedtak. Dersom du treng hjelp til å skrive klage på vedtak kan vi hjelpe til med det. Klage sendast til Bremanger kommune, Sakshandsamarteamet. Postboks 104. 6721 Svelgen, som vurderer saka på nytt og eventuelt tek saka vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Klagefristen er 4 veker.

### **Relevant lovverk**

- Helse og omsorgstenestelova
- Pasient og brukarrettighetslova
- Helsepersonellova

**Kontaktinformasjon**  
**BREMANGER KOMMUNE**  
**Helse- og omsorgstenesta/sakshandsamarteamet**  
Telefon: 959 88 719

**Besøksadresse**  
Rådhuset

**Postadresse**  
Bremanger Kommune  
Servicekontoret  
Postboks 104  
6721 Svelgen

**Heimetenesta i Bremanger**  
Besøksadresse: Haugetun  
Vakttelefon (07.30-22.00):  
95988714

**Heimetenesta i Davik**  
Besøksadresse: Klokkartun  
Vakttelefon (07.30-22.00):  
95982931

**Heimetenesta i Svelgen**  
Besøksadresse: Svelgen Omsorgssenter  
Vakttelefon (07.30-22.00):  
95982932

Du finn også informasjon på vår heimeside:

[www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no)

